

Skriv og meldingar:

1. Vestlandsrådet sitt AU, møte 07.04.17. Møtoreferat.
2. Høyring av NOU 2016:26 - Eit framtidretta kvotesystem. Sak og vedtak, AU 07.04.17.
3. Tiltak mot marin forsøpling. Notat om miljødirektoratet sin strategi.
4. Høgoppløyslege botnkart i Møre og Romsdal. Notat om prosess og erfaringar.
5. Rapport frå faste utval. Rapport per 02.05.17.
6. Aktuelle saker/notat/skriv til Vestlandsrådet 25.10.17.

1. Vestlandsrådet sitt AU 07.04.17. Møtereferrat.

Dato:	7. april 2017 (07:45-08:30)
Møtestad/-form:	Skype/tlf.
Arbeidsutvalet:	Pål Kårbø, Solveig Ege Tengedal, Jon Aasen, Jenny Følling (møteleiar)
Andre til stades:	Tore Eriksen, Ole I. Gjerald (referent/sekretær)

Sakliste for AU-møtet 07.04.17:

AU-sak 06/17	Protokoll og referat frå Vestlandsrådsmøtet 28.02.17 i Bergen.	Til drøfting
AU-sak 07/17	Agenda og opplegg for Vestlandsrådsmøtet 11.05.17 i Sogndal. Gjennomgang av førebels køyreplan.	Til drøfting
AU-sak 08/17	Høyrings sak «NOU 2016:26 - Eit framtidretta kvotesystem».	Til drøfting
AU-sak 09/17	Transportkomiteen sitt høyringsmøte om NTP 2018-29. 25.04.17. Fellespresentasjon eller individuelle framleggingar frå fylkesordførarane? Kort drøfting omkring opplegg og strategi.	Til drøfting
AU-sak 10/17	Vestlandsrådet sitt frukostmøte i Oslo (NTP 2018-29) 05.05.17. Sekretariatet orienterer kort om førebels køyreplan.	Til drøfting
AU-sak 11/17	Møteplan for AU for resten av 2017.	Til drøfting
AU-sak 12/17	Arbeidet med ny kulturmelding – initiativ frå fylkeskultursjefkollegiet. Sekretariatet orienterer kort om saka.	Til drøfting

[AU-sak 06/17](#): Protokoll og referat frå Vestlandsrådet 28.02.17.

AU tilrådde at møteprotokollen frå Vestlandsrådet 28.02.17 (Bergen) vert godkjend i Vestlandsrådet 11.05.17, slik denne ligg føre frå fylkesrådmannen.

[AU-sak 07/17](#): Agenda og opplegg for Vestlandsrådsmøtet 11.05.17.

Framlagd førebels møteagenda til Vestlandsrådet 11.05.17 vart godkjend slik denne låg føre frå fylkesrådmannen. Det var semje om å leggje opp til ei orientering med servering ved Fosshaugane Campus, tilpassa flyavgangane frå Sogndal lufthamn, Haukåsen kl. 18:25.

[AU-sak 08/17](#): Høyrings sak «NOU 2016:26 - Eit framtidretta kvotesystem».

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU) vedtok 07.04.17 (sak 08/17) følgjande høyringsuttale til «NOU 2016:26 - Eit framtidretta kvotesystem» (sjå heile saksframlegget under «skriv og meldingar»):

1. Vestlandsrådet er positiv til at kvotesystemet blir forenkla og meir framtidretta, og meiner det er viktig å ta innspel frå næringa i heile landet til etterretning.
2. Vestlandsrådet meiner at dei regionale bindingane må opphevast.
3. Vestlandsrådet støtter ikkje fleirtalet sitt framlegg om å avvikle tidsavgrensinga og å fjerne avkortinga for strukturkvoter. Det vil ikkje vere i samsvar med føresetnadane for slike kvoter. Næringa må ha stabile og føreseielege rammevilkår som sikrar langsiktige investeringar.

Ei eventuell avvikling av tidsavgrensinga for strukturkvoter vil kunne føre til auka privatisering av fellesskapet sine ressursar, samstundes som det heller ikkje er i samsvar med prinsippet i havressurslova om at «*retten til de viltlevende ressursene ligger til fellesskapet i Norge*». Dei rettslege konsekvensane av å innføre strukturkvoter utan tidsavgrensing må klargjerast.

4. Vestlandsrådet er i utgangspunktet positiv til at det vert innført ei ressursrente i fiskerinæringa, men nivået på ei slik skattlegging må ikkje gå ut over næringa si evne til fornying og innovasjon. Ein ressursrenteskatt på norske fiskerir må først og fremst handle om skatt på såkalla «superproffitt» ved sal av kvoter. Inntekta herifrå bør øyremerkast kystsamfunna. Det bør greiast ut korleis desse midlane kan kome kystsamfunna i heile landet til gode.

AU-sak 09/17: Transportkomiteen sitt høyringsmøte om NTP (2018-29), 25.-26.04.17.

Det var i AU semje om at det ikkje skulle leggast opp til felles presentasjon frå dei fire fylkesordførarane under transport- og kommunikasjonskomiteen sitt høyringsmøte om NTP (2018-29), 25.-26.04.17.

Fylkesordførarane orienterer om sine møte med transport- og kommunikasjonskomiteen i Vestlandsrådet sitt møte i Sogndal 11.05.17.

AU-sak 10/17: Vestlandsrådet sitt frukostmøte i Oslo (NTP 2018-29) 05.05.17.

Sekretariatet orienterte kort om førebels køyreplan. Påmeldinga vil avgjere møteforma.

AU-sak 11/17: Møteplan for AU for resten av 2017.

Vestlandsrådet sitt AU vedtok følgjande møteplan for resten av 2017:

- 15. juni kl. 08:15–09:00: Skype/telefon
- 28. september kl. 08:15–09:00: Skype/telefon
- 7. desember kl. 08:15–09:00: Skype/telefon

AU-sak 12/17: Arbeidet med kulturmeldinga – initiativ frå fylkeskultursjefkollegiet (kulturgruppa).

Sekretariatet orienterte kort om initiativet der kulturgruppa ønskjer at det vert arbeidd fram ei eiga sak med innspel til den nye kulturmeldinga til Vestlandsrådet sitt møte 25.10.2017. AU ønskjer dette, og konkluderte vidare med at vi i større grad må få inn kulturellerrelaterte saker i Vestlandsrådet sitt sakstilfang.

2. Høyring av NOU 2016:26 - Eit framtidretta kvotesystem.

Bakgrunn

I dag har Noreg eit kvotesystem som fungerer, men som er komplisert og lite fleksibelt. Eit nedsett utval har lagt fram sitt innspel til korleis kvotesystemet bør utformast for framtida gjennom NOU 2016:26 «Et fremtidsrettet kvotesystem». Høyringsfrist var 28. april, og saka vart difor handsama under AU sitt møte 07.04.17.

Viktige element i utgreiinga er:

- *Analyse av alternative system som legg til rette for lønsemd, realisering av ressursrente og at flåten er tilpassa ressursgrunnlaget. Det skal takast omsyn til fleksibilitet og moglegheit for individuell tilpassing i kvotesystemet*

- *Synleggjere storleiken på ei potensiell ressursrente*
- *Evaluere strukturkvoteordninga som verkemiddel*
- *Vurdere korleis spørsmålet om forhandsfastsett tidsavgrensing av strukturkvoter skal handsamast*
- *Vurdere korleis ressursrenta skal nyttast i framtida, også alternativ for ressursrenteskattlegging*
- *Vurdere tidspunkt for innføring av eit eventuelt nytt system*

Litt om fiskeria, struktur og organisering

Kvotesystemet i norsk og internasjonal fiskeriforvaltning er viktige verktøy for å hindre overfiske, vedlikehalde fiskebestander og for å byggje opp att bestandar. Den har også ei sentral rolle i målet om å maksimere det langsiktige utbytte av fiskeressursane, og for å fordele knappe ressursar på deltakande fartøy. Det er i prinsippet to hovudtilnærmingar til korleis skattlegging av ressursane kan regulerast. Den eine er å avgrense *innsatsen* i fisket, dvs. regulere kor mange og kva fartøy som kan delta, eventuelt avgrense tal fiskedøger. Den andre tilnærminga er å avgrense *uttaket*, dvs. å regulere kor mange tonn som kan fiskast. Det norske fiskeriet nyttar ein kombinasjon av innsats- og uttaksregulering.

Fiskeria er regulerte i open og lukka gruppe. For å delta i lukka gruppe må ein ha konsesjon (havfiskeflåten) eller deltakartilgang (kystflåten). Konsesjonane er ikkje tidavgrensa, medan deltakartilgangen må fornyast årleg. Skilje mellom konsesjon og deltakartilgang tydar lite i praksis.

Ved lukking av kystfiske vart det eit behov for å ha ei ordning for aktørar som fiskar i mindre skala og har avgrensa inntekt frå fiske. Det vart derfor etablert ulike opne grupper i fiske etter torsk, hyse og sei, sild og makrell. Tanken var bl.a. at open gruppe kunne fungere for eldre fiskarar som ville trappe ned og rekruttering for unge fiskarar som då fekk moglegheit til å etablere seg utan store kostnader.

I kystflåten er lukka gruppe den største. Dei fleste fiskeria i kystflåten er delt inn i fire grupper etter lengde på fartøyet, der minste gruppe er < 11 m og største gruppe > 21 m. Havfiskeflåten er tradisjonelt definert som fartøy over 28 meter. Det er i dag 11 ulike tilgangavgrensingar i fiskeria for kystflåten, og 15 ulike konsesjonstypar for havfiskeflåten, dette seier litt om kompleksiteten.

Anbefalingar frå utvalet

Konklusjonen til utvalet tek utgangspunkt i at gjeldande lovgjeving skal bestå. Det vil seie at forslaga ikkje bryt med formålsparagrafane i dei viktige fiskerilovene; havressurslova og deltakarlova. Utvalet har ikkje klart å einast om alle forslaga, noko som viser at det er vanskeleg å finne ei fullgod løysing. Utvalet har delt inn forslaga sine i fire hovudtema:

1. Forslag til grunnsystem
2. Kortsiktig fleksibilitet innanfor kvoteåret
3. Langsiktig kapasitetstilpassing – tidsavgrensinga i dagens strukturkvoteordning og andre avgrensingar i langsiktig kapasitetstilpassingar
4. Langsiktig kapasitetstilpassing – Innkrevjing av ressursrente

Tilrådingane frå utvalet er tekniske og kompliserte, der dei ulike forslaga delvis grip inn i kvarandre og får konsekvens for ein del av dei andre forslaga. Det er difor ikkje lett å danne seg eit bilete av konsekvensane av dei ulike forslaga.

Saka vidare er konsentrert kring følgjande tema: landsdelsbindingar, strukturkvote og ressursrente.

Vurderingar

Landsdelsbindingar

Dette er ikkje eit stort tema i rapporten, men er viktig for fiskeria på Vestlandet. Under framlegg til nytt grunnsystem står det indirekte nemnd i eit par punkt; Under forslag til grunnsystem og under punktet om langsiktig kapasitetstilpassing.

I framlegget til grunnsystem meiner utvalet at dei regionale bindingane for sal av fartøy, inkludert sal av strukturering, er viktige instrument for å behalde ein geografiske spreidd fiskeflåte. Utvalet meiner derfor at dei regionale bindingane må brukast på ein føremålstenleg måte for å oppnå dette, dvs. regulering av sal av fiskerettar mellom fiskarar og landsdelane.

Frå juni 2016 vart landet i realiteten delt i to for kystflåten etter at fylkesbindingane vart avvikla og erstatta med ei landsdelsbinding som går frå Trøndelag og sørover og Nordland og nordover. Samtidig veit vi at tyngdepunktet til kystflåten ligg i dei tre nordlegaste fylka. Her er regelverket slik at det i utgangspunktet ikkje kan omsettast fartøy mellom dei to regionane, med unntak av at det er opna for å selje fartøy med fiskerettar i torskefiskeria til Nord-Troms og Finnmark. Dei same rettane gjeld ikkje ved sal av fiskerettar innan torsketral til Sør-Noreg. Tilsvarande reglar finn ein for ringnot-flåten. Her har ein også reglar for avkorting av kvote ved overdraging som går i favør av Nord-Noreg.

Det vert hevda at Nord-Noreg mister fiskerettar til Sør-Noreg (Vestlandet), og at kystsamfunn vert lagt ned som følgje av at fiskeindustrien forsvinn. Ein rapport frå Nofima¹ viser derimot at fangstane av torsk har vore stabil rundt 60-65 prosent for nordnorske fartøy sidan 1970-talet. Samtidig er landingar av torsk størst der, mesteparten av kvoteauken etter 2009 er landa i Nord-Noreg. Rapporten argumenterer med at eit politisk ønskje om at næringa skal vere lønsam, globalt konkurransedyktig og fri for subsidiar har ført til ein produktivitetsvekst med ny teknologi og meir moderne fartøy. Resultatet er då også at det har vorte færre fiskarar, fiskebåtar og større behov for sentralisering av fiskeindustrien. Dette har igjen ført til at mange samfunn har mista arbeidsplassar, som særleg har fått utslag for samfunn der arbeidsplassar ikkje er lett tilgjengeleg. Konsekvensane av denne endringsprosessen er synleg langs heile kysten, og særleg i ein-sidede samfunn i Nord-Troms og Finnmark.

Strukturkvote

Strukturkvoteordninga er ei omdiskutert ordning og systemet vart innført for i større grad å kunne tilpasse flåten til ressursgrunnlaget. Ordninga gjer det mogleg å overføre ei eller fleire kvotar mellom fartøy, dersom det eine fartøyet vert teke ut av fiske (kondemnert). Det er fiskekvotane til det fartøyet som vert teke ut av fiske som vert kalla «strukturkvote». Denne kvoten kan eit anna fartøy overta og dermed få fleire fiskekvotar knytt til seg. Strukturkvoten er like stor som kvoten til fartøyet som er teke ut, avkorta med 20 prosent, uavhengig av geografisk tilknytning og fartøygruppe. Avkortinga på 20 prosent går til reguleringsgruppa og har tradisjonelt vorte fordelt på alle attverande fartøy. Strukturkvoteordninga verkar innanfor dei ulike regulerings- og deltakargruppene i kystflåten for fartøygruppene med heimslengd for kvotetildeling over 11 meter (13 meter i kystmakrellgruppa). Denne frivillige ordninga har lagt til rette for betre lønsemd i fiskeflåten og har bidrege til at rederia har kunne fornye flåten. Ser ein vekk frå ringnotgruppa, vert over 60 % av kvotegrunnlaget i havfiskeflåten i dag tildelt som strukturkvoter. Det har vore brei politisk semje om viktigheita av denne ordninga.

Striden rundt strukturkvotane har vore knytt til tidsavgrensingane. Strukturkvoteordning vart innført i 2005, då utan tidavgrensing. I 2007 vart ordninga endringa, og tidsavgrensingane vart innført. Dagens strukturkvoteordning skil difor mellom dei som strukturerte før og etter 2007. Strukturkvotar som var tildelt første gong før 2007 kan tildelast årleg i inntil 25 år, medan strukturkvotar som er tildelt etter 2007 kan tildelast årleg i inntil 20 år. Innføring av tidsavgrensing har vore teke opp i rettssystemet, der staten fekk medhald i Høgsterett om at dei hadde rett til å sette tidsavgrensingar på strukturkvotane med tilbakeverkande kraft.

Argumentet for tidsavgrensingane var at det ville motverke tendensen til auka eigarkonsentrasjon og geografisk konsentrasjon jf. at det er fellesskapet som eig fisken. Det er likevel i all hovudsak kvotetak som hindrar eigarkonsentrasjon, medan regionale bindingar har motverka den geografiske konsentrasjonen.

¹ A. Iversen: Fisken og folket (2016), bok utgjeven i samarbeid med Nofima.

Fiskeflåten er sett saman av mange ulike fartøy, både med omsyn til storleik, fangsteknologi, drift og kombinasjon av fiskeløyver. Behovet for strukturtiltak og effektane av desse kan vere ulike i dei ulike flåtegruppene. Kostnadane med strukturtiltak i fiskeflåten er ein kostnad næringa tek sjølv. Etter Vestlandsrådet si vurdering har strukturkvoten har fungert som tiltenkt då ordninga vart innført.

Dei første tidsavgrensingane går ut i 2028, og særleg i åra 2028 til 2032 vil mange kvoteandelar vere i rørsle. Det er forventingar i næringa til at strukturgevinsten skal fordelast som tidsavgrensa grunn-kvotepå alle fartøy i dei enkelte fartøygruppene når dagens strukturkvote går ut.

Eit fleirtal i utvalet har tilrådd at fiskeløyver blir gjort tidsavgrensa. Eit fleirtal ønskjer også at dagens strukturkvoteordning med tidsavgrensing på 20/25 år vert erstatta av ei ordning utan slik tidsavgrensing. Samtidig er det både i næringa og politiske parti mange som ønskjer tidsavgrensingar på dette området. Vestlandsrådet støtter *ikkje* framlegget om å avvikle tidsavgrensinga og å fjerne avkortinga for strukturkvoter. Vi meiner at dette ikkje i samsvar med føresetnadane som opprinneleg gjaldt (og som framleis gjeld) for slike kvoter. Etter vår oppfatning vil ei eventuell avvikling av tidsavgrensinga for strukturkvoter kunne føre til auka privatisering av fellesskapet sine ressursar, samstundes som det heller ikkje er i samsvar med prinsippet i havressurslova om at «*retten til de viltlevende ressursene ligger til fellesskapet i Norge*». Dei rettslige konsekvensane av å innføre strukturkvoter utan tidsavgrensing er heller ikkje tilfredsstillande klarlagt. Det er viktig for fiskerinæringa at rammene vert føreseielege. Mangel på stabilitet på området vil kunne resultere i ei uro som kan true langsiktige investeringar til næringa.

Ressursrente

Utvalet er bedt spesielt om å gjere greie for ressursrenter. Ressursrente eller grunnrente er eit omgrep som seier noko om den ekstraordinære avkastinga som kan oppstå ved å utnytte ein avgrensa ressurs.

Ressursrente vert gjerne rekna som marknadsverdien av produktet, minus produksjonskostnader for alle innsatsfaktorane inklusiv arbeidskraft og alternativ avkastning på kapital. Petroleum- og vasskraftsektoren er næringar som no betaler ressursrente gjennom eigne særskatteordningar.

Utvalet har følgjande innstilling:

- *Fleirtalet i utvalet foreslår å innføre eit særskattesystem for å skattlegge ressursrenta i fiskeria.*
- *Nokre medlemmar foreslår også at staten ved konvertering av strukturkvoteordningar avkortar desse og opprettar ei kvotebeholdning. Kvotebeholdninga kan leigast ut som årlege kvotar og skape statleg proveny.*
- *Eitt medlem foreslår primært at ressursrenta i utgangspunktet skal øyremerkast kystsamfunna ved fortsatt aktivitet, sysselsetting og verdiskaping. Sekundært støtter dette medlem forslaget i kulepunkt to over.*
- *To medlemmer foreslår at det vert etablert ei ressursavgift på førstehandsomsetting i fisket. Gevinst ved sal av fiskeløyver vert skatta spesielt.*

Fiskerinæringa har ikkje ei særskattlegging, men har i staden inntil no vore bunde av ulike regional- og distriktpolitiske føringar. Ressursrente i fiskeria har vore omtalt i fleire offentlege utgreiingar og dokument som er førelagt Stortinget etter 1990. Desse har omfatta prinsipielle spørsmål om kven som bør få ressursrenta: fiskaren, kystbefolkninga eller heile nasjonen. Så langt har Stortinget valt å ikkje innføre noko form for ressursrenteinnkrevjing. Fiskerisektoren betaler alminneleg selskapsskatt. Dette vil fange opp noko av ressursrenta, sidan denne inngår naturleg i overskotet til selskapa. I tillegg er det ei fiskeriforskningsavgift og produktavgift på førstehandsomsetting på fisk. Desse avgiftene er øyremerka særskilde føremål. Det vert skissert fleire modellar for innkrevjing av ressursrente.

- *Ressursrenteskatt på overskot basert på selskapsskattesystemet*
- *Ressursavgift*
- *Auksjon av kvotefaktorar*

- *Utleige av kvoter frå ei kvotebeholdning*

Fleirtalet i utvalet føreslår å innføre eit særskattesystem for å skattlegge ressursrenta i fiskeria. Innføring av dei andre forslaga underbygger dette. Hovudargumentet er at færre og færre får ta del i næringa som følgje av ei nødvendig utvikling og effektivisering. Utvalet legg vekt på at dei meiner slik skattlegging er rett dersom ein konsentrerer disposisjonsretten til fiskerettane så sterkt som utvalet legg opp til.

Dersom fleirtalsforslaga til utvalet vert gjennomført fullt ut, er vår vurdering at ei ressursrente kan vere positivt. Nivået på ei slik skattlegging må ikkje gå ut over fiskerinæringa sin evne til fornying og innovasjon. Etter Vestlandsrådets oppfatning må ein ressursrenteskatt på norske fiskerier først og fremst handle om skatt på såkalla «superprofitt» ved sal av kvoter. Inntekta herifrå bør øyremerkast kystsamfunna. Auka skattelegging av ressursrenta i fiskeriene bør såleis ikkje bli nok ein generell skatt, eller enda ei avgift som vert trekt frå over sluttsettelen.

Vestlandsrådet saknar ei nærare utgreiing av om dei som sel seg ut av næringa og/eller eventuelt overskot frå næringa generelt nyttar gevinstar frå dette tilbake i lokalsamfunnet. Ei slik analyse vil seie noko om kor mykje av kapitalen som kjem tilbake til kystsamfunna, enten direkte tilbake i næring eller i tilgrensande næringar ved at det vert handla både utstyr og proviant lokalt, bidrag til idrettslag og liknande. På Vestlandet finn vi mange samfunn som nyt godt av å ha ei aktiv fiskerinæring som bidragsytarar i samfunnslivet. Det kan i denne samanhengen settast spørjeteikn ved om ei ressursrente som skal administrerast sentralt, vil gje like god uttjeljing for næringsliv, sysselsetting og kystsamfunn.

Konklusjon og vedtak frå Vestlandsrådet sitt AU, datert 07.04.17:

Det er vurdert som positivt at ein ynskjer å forenkla eit komplisert system. Ein må difor unngå at det nye systemet skaper ein lite målretta kompleksitet. Kvotesystemet må vidare legge til rette for at det skal vere plass til både store og små fiskefartøy langs heile kysten.

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU) vedtok 07.04.17 (sak 08/17) vedlagde høyringsuttale til «NOU 2016:26 - Eit framtidretta kvotesystem»:

1. Vestlandsrådet er positiv til at kvotesystemet blir forenkla og meir framtidretta, og meiner det er viktig å ta innspel frå næringa i heile landet til etterretning.
2. Vestlandsrådet meiner at dei regionale bindingane må opphevast.
3. Vestlandsrådet støtter ikkje fleirtalet sitt framlegg om å avvikle tidsavgrensinga og å fjerne avkortinga for strukturkvoter. Det vil ikkje vere i samsvar med føresetnadane for slike kvoter. Næringa må ha stabile og føreseielege rammevilkår som sikrar langsiktige investeringar.

Ei eventuell avvikling av tidsavgrensinga for strukturkvoter vil kunne føre til auka privatisering av fellesskapet sine ressursar, samstundes som det heller ikkje er i samsvar med prinsippet i havressurslova om at «*retten til de viltlevende ressursene ligger til fellesskapet i Norge*». Dei rettslege konsekvensane av å innføre strukturkvoter utan tidsavgrensing må klargjerast.

4. Vestlandsrådet er i utgangspunktet positiv til at det vert innført ei ressursrente i fiskerinæringa, men nivået på ei slik skattlegging må ikkje gå ut over næringa si evne til fornying og innovasjon. Ein ressursrenteskatt på norske fiskerir må først og fremst handle om skatt på såkalla «superprofitt» ved sal av kvoter. Inntekta herifrå bør øyremerkast kystsamfunna. Det bør greiast ut korleis desse midlane kan kome kystsamfunna i heile landet til gode.

3. Tiltak mot marin forsøpling. Miljødirektoratet sin strategi.

Miljødirektoratet deler årleg ut støtte til tiltak mot marin forsøpling. Direktoratet ønskjer generelt at støtteordninga skal stimulere til å få fram prosjekt og idear om korleis vi kan få rydda opp i forsøplinga i havet, langs kysten og i fjordane. Ønskjer Vestlandsrådet å ta initiativ innanfor dette området, og kan dette vere ei av tilnærmingane som Vestlandsrådet har til handteringa av «det grønne skiftet»?

Tilskotsordninga for opprydding er i år på 35 millionar kroner, og fristen for å søkje gjekk ut i byrjinga av mars månad. Tilskotsmidlane kan gå til opprydding både i strandsonen, langs elvebreidder og på havbunnen. For årets tilskotsordning er fem millionar kroner øyremerkte pilotanlegg for båtvaskeanlegg for å erstatte bruken av såkalla «bunnstoff» på fritidsbåtar. Føremålet med denne potten er å stimulere til reduksjon i utsleppa av mikroplast og miljøgifter til havet.

Det kan også søkjast om støtte til koordinering av ryddeaksjonar og transport og innlevering av avfallet til godkjende mottak, inkludert fjerning av eigarlause fritidsbåtar. Prosjekt som har ein reint førebyggjande effekt kan også få støtte gjennom ordninga. Det gjeld t.d. informasjons- og rettleiingsmateriell, haldningskampanjar, undervisningsopplegg og arbeidsverkstader (workshops). I denne samanhengen vil det gjerne hovudsakleg vere aktuelt å gje støtte til tiltak som er retta mot spesifikke sektorar, næringar eller avfallstypar.

Frivillige organisasjonar, foreiningar, ideelle stiftingar, private bedrifter og offentlege føretak kan søkje om støtte gjennom ordninga. Miljødirektoratet har fastsett ein nedre søknadssum til 250 000 kroner. For mindre ryddeprosjekt kan ein ev. søkje refusjonsordninga for handtering av herrelaust marint avfall i regi av «Hold Norge Rent». Fleire kan også gå saman om å levere ein søknad, men éin aktør må stå som gjennomføringsansvarleg.

Marin forsøpling gjer svært stor skade på miljøet, og direktoratet vurderer ei ytterlegare opptrapping og utviding av ordninga framover. I 2016 mottok direktoratet meir enn 70 søknader.

Fylkesrådmannen rår til at Vestlandsrådet får seg førelagt ei eiga sak hausten 2017 der det vert skissert eit koordinert og målretta prosjekt som kan danne grunnlaget for ein søknad frå Vestlandsrådet om støtte til tiltak mot marin forsøpling. Vestlandsfylka har eit havflateareal på 34 089 km², noko som utgjør 23,4% av alt samla havareal i Noreg. Samanlikna med areal fastland for vestlandet, som er på 58 537 km², tilsvarar landarealet berre 18,1 prosent av landet samla sett.

Eit større prosjekt på dette området kan vere av avgjerande tyding for å setje fokus på denne store miljømessige utfordringa. I tillegg til å skissere eit målretta arbeid knytt til opprydding, bør Vestlandsrådet også ta tak i den meir haldningsskapande delen av utfordringa knytt til produksjonsavfall og forbrukarar sine bidrag til den samle forsøplinga.

Klimautfordringane er globale, og må handsamast på alle samfunnsnivå. Noreg har ratifisert Paris-avtalen og har forplikta seg til å redusere utsleppa med 40% innan 2030, samanlikna med 1990-nivået. Paris-avtalen omhandlar avgrensing av den globale oppvarminga til 2°C, i tillegg til at vi skal bu oss på dei klimatiske endringane som vil kome. Dersom dei globale klimagassutsleppa held fram som i dag, vil vi i 2100 kunne ha ein gjennomsnittstemperatur på mellom 3,2-5,4 °C høgare enn i dag. Dette vil igjen ha store konsekvensar. Sjølv med 2°C temperaturauke vil vestlandsfylka oppleve klimatiske endringar som vi må jobbe aktivt for å tilpasse oss for å redusere eller eliminere.

Norsk Klimaservicesenter har utarbeidd klimaprofilar for alle dei 4 fylka i Vestlandsrådet. Rapportane peikar på dei klimaendringane som fylka kan vente i slutten dette hundreåret. Hovudsakleg inneber dette for vestlandet ein auke i temperatur og nedbør. Havnivået vil stige med tilhøyrande auke i stormflynivået. Vi kan vente oss ei vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekost. Dette vil gi oss større utfordringar knytt til handtering av overvatn. Det er venta fleire og større regnflaumar og skred utløynt av auka nedbør.

Eit koordinert og målretta prosjekt med hovudfokus på tiltak mot marin forsøpling vil vere eit viktig grep og ei ambisiøs tilnærming frå Vestlandsrådet i høve å medverke til «det grønne skiftet».

4. Høgoppløyslege botnkart Møre og Romsdal. Prosess og føremål.

Marin gruppe/sekretariatet i Vestlandsrådet har utarbeidd dette notatet om høgoppløyslege botnkart i Møre og Romsdal. Notatet orienterer kort om prosess og regionale erfaringar. Vi får også ei munnleg orientering om erfaringar med høgoppløyslege botnkart i Møre og Romsdal i møtet 11.05., jf. Vestlandsrådet si bestilling 28.02.17.

I 2013 støtta Møre og Romsdal fylkeskommune eit forprosjekt som ønska å leggje til rette for utarbeiding av marine grunnkart. Søknaden var eit samarbeid mellom Møreforskning Ålesund, Bioforsk Økologisk (no NORSØK), Høgskulen i Ålesund (no NTNU Ålesund) og Runde Miljøsentar. Runde Miljøsentar hadde rolla som prosjektleiar. Ut frå tilgangen på multistråledata vart eit område på Søre Sunnmøre peika ut som pilotområde, då det her vart eit tilnærma samanhengande område på ca. 682 km² med tilgjengelege data. Området dekkar kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven. Forprosjektet med fylkeskommunen vart avslutta i november 2014. Arbeidet med marine grunnkart vart elles sett i samanheng med eit anna forprosjekt som fylkeskommunen støtta, Marine Møre 21, som er ein del av ein strategi for å utvikle eit stort regionalt FoU-program som skal leggje grunnlag for kompetanseutvikling og næringsutvikling innan dei marine og maritime næringane i fylket.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje bidrege med midlar, kompetanse eller personell i prosjektet som har stått for sjølve utarbeidinga av dei marine grunnkarta. Her har kommunane hatt prosjektansvaret, og Runde Miljøsentar har fungert som fasilitator og tilretteleggar. Prosjektet har vore finansiert av kommunane, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Noregs Geologiske Undersøkingar (NGU). NGU har støtta prosjektet med 50 prosent, og har også vore utøvande partner. NGU gjennomførte sitt første tokt i august 2014, og prosjektet vart ferdigstilt i juni 2016. Kartverket har i tillegg ei prosjektsatsing på Søre Sunnmøre i samband med å kartlegge gruntvassområde og fjæra med LIDAR laser frå fly. Flymålingane starta opp våren 2016, og dataa vil bidra til at området får saumlause kart frå sjø til land.

I Sogn og Fjordane tok fylkeskommunen i 2015 initiativ til eit treårig prosjekt for å kartlegge sjøbotnen i dei fire nordlegaste kystkommunane; Florø, Bremanger, Vågsøy og Selje. Prosjektet har ei kostnadsramme på 6 mill.kr. Det vert gjennomført og finansiert 50% av NGU, medan den resterande finansieringa er eit spleiselag mellom dei fire kommunane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og oppdrettsselskap i området.

I denne kartlegginga vil NGU utarbeide geologisk kart over botnforholda samt avleidde temakart slik som djupnekart, botnsediment (kornstorleik), botnrefleksivitet (der slik informasjon finst), botnfellingsområde, ankringsforhold, gravbarheit, bratt og flat fjordbotn (skråningskart). Bruk og distribusjon i høgare oppløysing enn 50 m. må godkjennast av forsvaret. NGU vil også analysere miljøgifter i botnsedimenta frå 13 prøvar, og gjere videoopptak som vert lagt til rette slik at biologar ev. kan arbeide vidare med det.

Prosjektet vert avslutta 20.02.18, og då vil karta bli publiserte på www.mareano.no og www.ngu.no og kan i tillegg overleverast i format som er tilpassa brukarane sine programvarer. Samtidig som det er jobba med å opparbeide marine grunnkart på Søre Sunnmøre og i Nordfjord, har NGU og Kartverket saman med Havforskningsinstituttet lansert prosjektet Marine grunnkart i Kyst-Noreg (MAGIN). MAGIN legg opp til ei kartlegging av heile Norskekysten med oppstart i sør, og det er sendt inn eit satsingsdokument til styresmaktene om dette. Føremålet med satsinga er å kartlegge kystsonen frå fjæresteineane og ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja.

Arbeidsfordelinga er som følgjer:

- Kartverket kartlegg djupna ved hjelp av moderne multistråleekkolodd, og gjev eit heildekkande bilete av terrengformasjonane på havbotnen (batymetri).
- NGU kartlegg geologien. Ut frå ei detaljert oversikt over sedimenta på havbotnen, kan det utarbeidast kart over botntype, botnfelling, ankringsforhold, gravbarheit, botnformer og skred, miljøgifter og marine naturtypar.
- Med grøn laser vil ein måle vassdjupet i strandsona, og lage ein saumlaust terrengmodell for land og sjø.

5. Rapportering frå faste utval der Vestlandsrådet deltek.

Sekretariatet har henta inn korte rapportar frå dei faste utvala og råda der Vestlandsrådet deltek. Under presenterer vi kort status knytt til desse råda.

Europapolitisk forum	
Siste nytt frå Europapolitisk forum	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
Europapolitisk forum hadde møte i Brussel 14-15 mars 2017. Jon Aasen representerte Vestlandsrådet i Europapolitisk forum. Han deltok på møtet og vart støtta av Geir Sør-Reime (Rogaland) og Birgit Aarønæs (Møre og Romsdal).	Tematikk for møtet i Brussel 14-15 mars var: <ol style="list-style-type: none"> 1. EU – nå og framover Herunder Brexit <ol style="list-style-type: none"> 2. EUs samhörighetspolitikk post 2020 Herunder Interreg <ol style="list-style-type: none"> 3. Grønn omstilling Aktuelle tema: <ol style="list-style-type: none"> 4. Framtidens kommuner og regioner i et europapolitisk perspektiv.

NORA	
Om NORA	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram og er finansiert av Nordisk Ministerråd og dei deltakande regioner. NORA-regionen består av landa Island, Færøyane, Grønland og Kyst-Noreg (ni norske fylker frå Rogaland i sør til Finnmark i nord).	I 2017 har Færøyane formannen og Grønland nestformann. Lena Söderholm frå Vest-Noreg og Guðrún Gisladóttir frå Island er valt som medlemmar i arbeidsutvalet (AU). I Noreg vekslar verva mellom Vestlandsrådet og Nord-samarbeidet, slik at det no er Vestlandsrådet som er representert i AU. Komiteen har to fysiske møter i året, i tillegg har AU video- eller telefonmøte.

<p>NORA skal bidra til å vekst i regionen m.a. gjennom å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklings- organisasjonar på tvers av landegrensene.</p> <p>Neste møte er 30. mai</p>	<p>NORA sin strategi for åra 2017-2020 har fire hovudtema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ungdomssatsing • Det agendasettande NORA – vil sjølve ta meir initiativ til samarbeide om felles problem • Det allianseskapande NORA – utvikle alliansar med andre organisasjonar i Nord- Atlanteren • Det prosjektstøtta NORA - utlysingar etter prosjekt to gonger i året. NORA har vanlegvis hatt omlag 5 mill. kr. årleg til prosjekt
--	---

Nasjonalt kontaktpunkt Interreg - Nordsjøprogrammet	
Siste nytt om Nordsjøprogrammet i Interreg	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
<p>Det har kommet inn 21 nye fulle søknader under den tredje utlysningen med frist 1. februar 2017. Utlysningen var åpen for fulle søknader som var allerede godkjent under fase 1 i en tidligere runde. Disse søknader blir behandlet under styringskomitemøte i Ostend 7.-8. juni. Det er derfor ingen endring i antall prosjekt eller tilgjengelige midler å rapportere inntil det møte har funnet sted og nye prosjekt har blitt tildelt midler.</p> <p>Det finnes cirka € 6,5 millioner igjen i prosjektmidler under Nordsjøprogrammet for norske partnere.</p> <p>Under finner man en oversikt over alle godkjente prosjekt med norske partnere. Listen oppdateres etterhvert med godkjente fulle prosjektsøknad. Det er derfor ingen endring siden forrige rapportering.</p>	<p>9 av de 21 søknader som søkte under den siste utlysningen med frist 1. februar hadde norske partnere. Kun ett prosjekt har norsk prosjektledelse, Sørlandets Europakontor.</p> <p>Prosjektet ledet av Rogaland fylkeskommune, CNCA - Closing the Nutrition Cycle in Aquaculture, har ikke søkt på nytt. Dette var et stort og nyskapende prosjekt med mange partnere fra et spesialisert kompetansemiljø på Vestlandet. Det har vært en vanskelig prosess for å finne en god løsning for dette prosjektet. Prosjektet hadde flere tekniske utfordringer i forbindelse med deltakelse fra privat sektor og statsstøtte regelverk i forhold til akvakultur som ikke lar seg løse.</p> <p>Ellers finnes det partnere fra Vestlandet i 3 prosjektsøknad denne runden.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Møre og Romsdal fylkeskommune sammen med Smøla Nærings- og Kultursenter KF og Nasjonalt Vindenergisenter AS er partnere i en prosjektsøknad som handler om grønntransport i rurale områder. Prosjektet heter G-PaTRA og sammen søker de € 129 424.

	<ul style="list-style-type: none"> • Bergen kommune er partner i SCORE som handler om smart cities og søker € 257 500 • Møreforskning og Stiftung Geirangerfjorden er partnere i en søknad som handler om UNESCO Verdensarv og formidling, Prowad Link, de søker tilsammen € 300 000. <p>Neste utlysning er for nye prosjektsøknad i fase 1 (Expression of Interest) med søknadsfrist august 2017.</p>
--	--

Nordsjøkommisjonen	
Neste møte i Nordsjøkommisjonen	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
Nordsjøkommisjonen hadde styremøte 24. april i Southend, UK.	Styret i Nordsjøkommisjonen etablerte ein Brexit task force (beredskapsgruppe) for å følge utvikling og sikre at regionanes røyst vert hørt. Vestlandsrådet har vedteke å delta i gruppa på vegne av norske regionar.

Nordsjøkommisjonen – marin gruppe	
Siste møte i den marine gruppa	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
Den marine gruppa i Nordsjøkommisjonen hadde møte i Brussel 24. og 25. april 2017. Frå Vestlandet var Trine Danielsen (H) frå Rogaland, Toril Røsand (H) frå Møre og Romsdal og Mona Strømme (H) frå Hordaland representert, samt administrasjon frå Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og fast rådgivar i gruppa frå Hordaland.	Hovudtema for møtet var maritim utdanning, marin arealplanlegging og Brexit. Ettersom møtet var i Brussel kom ei representant frå Europakommisjonen til møte for å orientere om deira arbeid med kompetanse i marin/maritim sektor, og CPMR kom for å diskutere Brexit og framtida for Europa. Gruppa hadde førebudd diskusjon om marin arealplanlegging og involvering i interregprosjektet NorthSEE. Påfølgande dag var satt av til vitjing av sjømatmessa i Brussel.

Nordsjøkommisjonen – transportgruppa	
Siste møte i transportgruppa	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
Transportgruppa hadde møte i Aberdeen 1.og 2. mars.	På agendaen stod erfaringsutveksling kring miljøvennleg transport og skipsfart og transportkorridorar i Europa. Møre og Romsdal sa seg villige til å vere ansvarlig for å følge grøn skipsfart som politikkområde i Europa på vegne av gruppa. Andre dagen var det satt opp eit seminar

	om finansieringsmoglegheiter for internasjonale transportprosjekt.
Nordsjøkommisjonen – ny tematisk gruppe	
Første møte i ny tematisk gruppe	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
Nordsjøkommisjonen har etablert en ny tematisk gruppe for å følge opp «Attractive and Sustainable Communities» i strategidokumentet North Sea Region 2020. Grappa ble formelt etablert 1. januar 2017, og første møte var i Aarhus 2-3. mars.	Tema for første møtet i gruppen : Aarhus som kulturby, kultur og turisme, sirkulærøkonomi, klimaendringer og mat. Neste møte er i Aberdeen i september, tema for møte vil mellom anna vere integrering av flyktningar og Brexit.
Nordsjøkommisjonen – energi og klimagruppen	
Neste møte i energi og klimagrappa	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
Energi og klimagrappa hadde møte i Agder 19.og 20. april.	Grappa lager ein brosjyre om klimatilpassing i regionane. Grappa fekk også presentert EU sin vinterpakke på energi.

6. Aktuelle saker til Vestlandsrådet 25.10.2017.

Sekretariatet og faggruppene arbeider no med utgangspunkt i at følgjande saker vert lagt fram for Vestlandsrådet 25.10.17:

- a) Marin strategi – handlingsplan og årleg oppfølging. Marin gruppe og sekretariatet førebur saka.
- b) Cruisestrategi for Vestlandet – handlingsplan og årleg oppfølging. Næringssefkollegiet og sekretariatet førebur saka.
- c) Tiltak mot marin forsøpling. Miljødirektoratet sin strategi. Saksframlegg som skisserer eit koordinert og målretta prosjekt som kan danne grunnlaget for ein søknad frå Vestlandsrådet om støtte til tiltak mot marin forsøpling. Marin gruppe og sekretariatet får i oppdrag å undersøke mulegheitene for å fa del i den nasjonale støtteordninga for tiltak mot marin forsøpling:
(<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2017/Februar-2017/Sok-stotte-til-tiltak-mot-marin-forsopling/>).
- d) Vestlandsrådet – funksjon, rolle og arbeidsform i perioden 2017-20 og etter at regionreforma har tredd i kraft 01.01.2020: Fylkesrådmennene og sekretariatet utarbeider ei sak om dette som også vert lagt fram for AU i framkant av Vestlandsrådet. Saka vert lagt fram for Vestlandsrådet 25.10.2017.